



Artec AS

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 20/18 - 21/6595

Sakshandsamar:  
Jan Torry Sande  
jan.torry.sande@fedje.kommune.no

Dato:  
13.12.2021

## Reguleringsplan for Koppersevja – arbeidsmøte med Statsforvaltaren i Vestland

Tid: 10.12.2021 kl. 10.00 – 11.00

Med i møte:

Statsforvaltaren i Vestland(SIV) ved Egil Hauge og Hege B. Hellesøe

Artec AS ved Rune Tangen

Fedje kommune ved Jan Torry Sande (referent)

### Innleiing ved Fedje kommune

Fedje kommune tok initiativ til dette møtet på bakgrunn av SIV si motsegn mot forslaget til reguleringsplan som vart vedteke lagt ut 09.02.2021(F-sak 010/21).

I motsegna var det tre hovudpunkt som Fedje kommune ønskjer å imøtekoma i eit nytt forslag til plan.

Fedje kommune har utarbeide eit foslag til ROS-analyse av planen. I tillegg skal det kunngjerast ein plan for medverknad av born og unge. Til slutt har me utarbeida nye avgrensingar av reguleringsformåla **1589:**

**Uthus/ naust/ badehus, 1900: Angitt byggje – og anleggsformål kombinert med andre gitte hovudformål og 6.3 Bebyggelsens plassering og utforming.**

### Kva er hovudproblemet med planforslaget i følgje SIV

Formannskapet(planutvalet) i Fedje kommune vedtok «Kunngjering av nytt forslag til reguleringsplan for Koppersevja – Fedje kommune» 23.11.2021(F-sak 121/21). I følgje SIV er hovudproblemet med dette forslaget er at det ikkje viser konsekvensane av dei reguleringane som vert skissert kjem fram.

I følgje Egil Hauge(SIV) vert «rettsverknadene» av forslaget til planen for usikre, og opne, til at SIV kan godkjenne planen. Referenten viser til pbl § 12–4 **Rettsvirkning av reguleringsplan: En reguleringsplan fastsetter framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyrets vedtak bindende for nye tiltak eller utvidelse av eksisterende tiltak som nevnt i § 1–6.** Hauge meiner til dømes at strandsoneverdiene omkring Koppersevja i større grad må sikrast. Det bør mellom anna låse områda mellom dei føreslegne nausta med friluftformål(LNF-område). Dette for å hundre til dømes at framtidig utbygging skal øydelegge strandsone med uttak av massar. I tillegg er omgrepet «hyttenaust» problematisk, det skal anten vere naust eller

fritidsbustad.

Det er det er lagt opp til næringsformål (utleige), så må det kome fram.

ROS-analysen viser ikkje nok om tilstanden til strandsona, og konsekvensar for denne med eventuelle verknader av reguleringane. Den manglar og konsekvensar for dei planlagte tiltaka ved springflo.

### **Fedje kommune sine innspel**

*Fedje kommune, ved Jan Torry Sande, presiserte at initiativtakarar(grunneigarar) er i ferd med å bli kritiske til planen. For mykje vert låst, og mogelegheitene vert for snevre i høve kva som var tenkt i utgangspunktet. Planen bevegar seg bort frå hovudformålet, som er mudring av Koppersevja.*

*Jan T. Sande presiserte og ei oppleving av at SIV stiller for store krav til utforming av planen høve kva midlar ein liten kommune kan stille med. Planen, slik SIV ønskjer den utforma, stiller for høge krav til ressursbruk.*

Konklusjonen vert at Statsforvaltaren i Vestland ikkje meiner det nye forslaget til reguleringsplan for Koppersevja er godt nok. SIV skal utforme eit skriv med krav til kva eit nytt planforslag bør innehalde.

Med helsing

Jan Torry Sande  
Samfunnsplanleggar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til:**

Gjermund Hagesæter

### **Mottakarar:**

Artec AS  
Statsforvaltaren i Vestland